



28.03.2022

Innmeldingserklæring for Holsnøy Storvald

For måloppfylgning av kommunal målsetting for forvaltning av hjort i Alver kommune vert det i tråd med politisk vedtak iverksett ekstraordinære kortsiktige tiltak i hjorteforvaltninga. Desse tiltaka skal bidra til ein berekraftig og dynamisk hjortepopulasjon og redusere konfliktnivået mellom økonomisk drivverdig landbruk og den lokale populasjonen av hjort. Som ledd i det pågåande reduksjons- og demografisk forbetrande avskytings prosjekt av hjort i Alver kommune vert det i eit samarbeid mellom administrasjon og lokale interessentar introdusert fritt uttak av fjorkoller og kalv som ekstra verkemiddel i reduksjonsfasen for dei jaktfelta som er underlagt Holsnøy Storvald. Verkemidlet skal skape fleksibilitet i uttaksmengda for den enkelte grunneigar avhengig av skada omfang på landbruk på lokalt nivå.

Samstundast endrast kjønns- og alderssamansettinga i uttaket til hann/ho/kalv: 20/40/40. Tildeling av fellingsløyve for hjort vert utført som målretta årleg avskyting under reduksjonsavskytings prosjektet av hjort for å skape kort responstid for justering av uttaket.

- Holsnøy Storvald føl dei same retningsliner og gjeldande vedtekter som vart vedtatt for tidlegare Holsnøy og Flatøy Bestandsplanområde.
- Under reduksjonsavskytings prosjektet av hjort endrast det enkelte hjortevalds status frå sjølvstendig hjortevald i bestandsplans område, til status som sjølvstendig jaktfelt underlagt Holsnøy Storvald. Teljande areal og tildelte tall løyver til det enkelte jaktfelt er som utgangspunkt tilsvarande den tidlegare bestandsplanen.
- Det vert forutsett at den overleverte avgjerdsmyndigheit frå grunneigar til vald leiar ved oppstart av Holsnøy og Flatøy bestandsplanområda er gjeldande for Holsnøy Storvald.

Vald nr: **4631V0014, Austbygd hjortevald**, melder seg med dette inn som jaktfelt Austbygd i Holsnøy Storvald.

Valdet har eit godkjent areal på **19255 daa**.

Leiar i valdet: **Terje Hilland**

Holsnøy, 29.03.2022

Underskrift